
Saksnr: 2020/46484-45
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen sine svar på spørsmål frå kontrollutvalet om finansforvaltninga

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takkar for det gode og grundige svaret frå fylkesrådmannen på spørsmål om finansforvaltninga og tek informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til spørsmåla som vart stilt i førre møte når det gjeld finansforvaltninga for 2020.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Finansforvaltninga i 2020 - spørsmål frå kontrollutvalet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med handsaming av referatsak RS 23/21 «Sak PS 1/21 i TING 09.03.2021 - Finansforvaltninga i 2020» i møte i kontrollutvalet 22.03.2021 vart dette protokollert:

«Klaus Iversen (V) hadde slike kommentarar til finansrapporten

Eg vil berømme fylkesrådmannen si gode framstilling og dokumentasjon av finansforvaltninga i Vestland Fylkeskommune. Dette er eit godt utgangspunkt for å kunne forstå status, moglegheiter og utfordringar som ligg i finansforvaltninga for fylkeskommunen.

Vidare hadde Iversen slike spørsmål som det er naturleg at fylkesrådmannen får høve til å svare på:

- 1. Vil fylkesrådmannen vurdere om han bør tilrå at delar av Vestland fylkeskommune sin likviditet på nær 4, 6 milliardar kr. pr. 31.12.2020 kan nyttast til ekstraordinær nedbetaling av lånegjelda for å redusere gjeldsgraden ytterlegare (no 92,8 %). Dersom fylkesrådmannen ikkje kan tilrå dette, kva er i tilfelle grunnen til det?*
- 2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen informere om korleis balansen i rekneskapen med omsyn til «ikkje likvide anleggsmidlar» vert handsama gjennom inntektsåret, - både med omsyn til tilgang og avgang. Finnes det samla informasjon/statistikk for dette? Og vidare :
 - a. Finnes informasjon/statistikkar for kva inntekter og utgifter anleggsmidlar i sin heilskap tilfører Vestland fylkeskommune sin resultatrekneskap?*
 - b. Dersom det her er vesentleg mindre inntekter enn utgifter: Kva er hovudomsyna til at fylkeskommunen likevel «må ha» desse anleggsmidla i balansen? Her vert det antatt at det kan vera både alminnelege rekneskapsmessige og meir samfunnsmessige omsyn som kan forklare dette.**
- 3. 49,7 % av låna har rentebinding, heilt i tråd med finansreglementet. Ser fylkesrådmannen for seg at det kan vera behov for endringar i rentebindinga (opp eller ned innafor ramma 40-60 % av låna) med dei utsikter som no ligg føre med ein antatt auke i rentene dei kommande åra?*

Kontrollutvalet slutta seg til dette og vart samde om å be fylkesrådmannen svare på dei 3 spørsmåla skriftleg til møte i kontrollutvalet 10.05.2021.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

- 1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen svarer skriftleg på dei 3 spørsmåla om finansforvaltninga som går fram over, til møte i kontrollutvalet 10.05.2021.*
- 2. Det skriftlege svaret vert å sende sekretariatet innan 26.04.2021»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over har vi motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen dagsett 23.04.2021. Slik sekretariatet ser det inneheld notatet gode og grundige svar på spørsmåla frå kontrollutvalet. Utvalet bør difor takke for svaret og ta informasjonen til orientering.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet takkar for det gode og grundige svaret frå fylkesrådmannen på spørsmål om finansforvaltninga og tek informasjonen til orientering.